

Bergum burettslag

Protokoll

Generalforsamling

08.06.2023

Kl. 18.00 til 20.00

Grendalagshuset

DAGSORDEN

SAK 01/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

SAK 02/23 Tal røysteføre/andelar

SAK 03/23 Konstituering

A. Val av møteleiar.

B. Val av protokollfører.

C. Val av to til å signere protokollen.

D. Val av tellekorps.

SAK 04/23 Rapport frå styret om styrets arbeid

SAK 05/23 Årsrekneskapen for 2022

SAK 06/23 Styrehonorar for perioden 2022–2023

SAK 07/23 Varmeanlegget

SAK 08/23 Eksisterande TV-anlegg (antenner)

SAK 09/23 Val

A. Val av nytt styre

B. Val av ny valnemnd

SAK 10/23 Innkomne saker

Signering

SAKSHANDSAMING

SAK 01/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Informasjon om dato for generalsamlinga blei sendt ut i god tid. Formell innkalling med sakspapir blei sendt ut 8 dagar før generalforsamlinga jf. vedtektene.

Vedtak: Innkalling og dagsorden blir godkjent

SAK 02/23 Tal røysteføre/andelar

Oppmøte:

Andelsnr.	Namn	Møtt
03	Silje Våge og Viljar Falkenstein	X
04	Øystein Bjarne Fredriksen	X
06	Damir Zovko	X
14	Aslak Helgheim	X
15	Watandost Momand	X
17	Bjarte Solaas	X
20	Yordanos Zegeghs Kidane	X
23	Rognald Eivind Nydal	X
28	Viktorija Dobile	X
29	Lisbeth Johnsen	Dag Johnsen ved fullmakt
31	Jartru Dvergsdal	X
32	Eili Sidsel Slåtten	Jartru Dvergsdal ved fullmakt
34	Sondre Oppedal og Kamilla Marifjæren	X
38	Lilly Eide	X
42	Vebjørn Mandelid og Linda Solheim	X
43	Sissel Helen Ekroll	X
49	Dag Svindland	Zainab A. Amirali ved fullmakt
54	Geir Finn Haugen	X

Elles til stades:

Thor Erlend Mehammer, styreleiar

Kay Arne Kalstad, ingeniør i BOB

Vedtak: Det er 18 røysteføre/andelar i møtet.

SAK 03/23 Konstituering

A. Val av møteleiar.

Framlegg: Thor Erlend Mehammer

B. Val av protokollfører.

Framlegg: Thor Erlend Mehammer

C. Val av to til å signere protokollen.

Framlegg: Watandost Momand og Viktorija Dobile

D. Val av tellekorps.

Framlegg: Sondre Oppedal og Geir F. Haugen

Vedtak:

- Thor Erlend Mehammer blei valt som møteleiar.
- Thor Erlend Mehammer blei valt som protokollfører.
- Watandost Momand og Viktorija Dobile blei valt til å signere protokollen.
- Sondre Oppedal og Geir F. Haugeun blei valt til tellekorps.

SAK 04/23 Rapport frå styret om styrets arbeid

Det er ikkje lenger eit lovkrav å skrive årsberetning. Dette som følgje av ei endring i rekneskapsloven frå 2018. Styret har valt å legge ved ein rapport om styrets arbeid.

Styreleiar informerte om elbil-lading, og det blei ein større diskusjon på dette i møtet.

Vedtak: Rapporten frå styret blir tatt til vitende.

SAK 05/23 Årsrekneskapan for 2022

Årsrekneskapan og revisjonsberetninga for 2022 ligg vedlagt. Årsrekneskapan anbefalast godkjent.

Vedtak: Rekneskapan for 2022 blir godkjent.

SAK 06/23 Styrehonorar for perioden 2022–2023

(Alt av vederlag/honorar/godtgjørelse til styret o.l. skal vedtas av generalforsamlingen jf. brl. § 8-4)

Styrehonorar vedtakast på generalforsamling etterskotsvis. Generalforsamlinga skal vedta styrehonorar for perioden frå førre generalforsamling våren 2022 til og med ordinær generalforsamling 2023.

Vedtak:

Generalforsamlinga vedtek ei øvre råde på 200 000 kr for perioden 2022–2023. Styret må halde seg til denne råde i si fordeling av honorar og møtegodtgjersle. Honorar og møtegodtgjersle skal ikkje overstige råde.

SAK 07/23 Varmeanlegget

Saksunderlag utarbeida av Kay Arne Kalstad, BOB:

BOB har i samråd med Caverion sidan februar sett på utfordringar og moglege løysingar for varmeanlegget i Bergum brl. Det viser seg at ein ikkje får nok effekt frå varmepumper. Dette medfører mykje ekstra oppvarming og korte start og stopp for oljekjel. Denne er kun tenkt at skal ta dei aller største toppane. No slår den inn mykje oftare en kva som var prosjektert. Dei borehola som ein har i dag gir ikkje nok effekt, og varmepumper får ikkje jobba så effektivt som det er ønskeleg, og oljefyren må jobbe meir en den må. Det er fare for ising i borehola og varmepumpene må stoppe for å kvile borehola. Dagens borehol er 180m. Vegarbeid i forbindelse med ombygging av krysset på Bergum kan ha påverka effekten av borehola. Det har og vert utfordringer med deler på anlegget som har vert nødvendig å byte grunna alder og slitasje.

Det er flere tiltak som har blitt vurdert. Blant anna luft til vatn varmepumpe, ettervarming av tappevann, tørrkjøling, flere brønner og ombygging og effektivisering av teknisk rom.

Vi har kome opp med ei prioriteringsliste som vi tenker er ein fornuftig veg å gå for å få til eit godt fungerande anlegg:

For å få nok effekt må det borast 7 stk. brønner til med djupne på 250m for å kunne drifte pumpene effektiv og få tilstrekkeleg energiopptak. Ein vil då unngå mykje kviletid på varmepumper. Dette er kostnadsberekna til ca. kr 1,7 mill.

Vidare må det gjerast ombygging og strømlinjeforming av anlegg i teknisk rom for å sikre nok leveranse av varmtvatn til leilegheiter. Det må monterast sirkulasjonspumper for å unngå at ein brukar av returvatn og varmepumper må justerast for å kunne ha meir kapasitet ved høgt forbruk. Dette er kostnadsberekna til ca kr 400.000,-.

Vidare må det utførast isoleringsarbeid av felles vassleidningar i begge blokker for å sikre at temperaturen held seg i røra og ein unngår for mykje varmetap. Her foreslår vi å bruke kr 100.000, - denne jobben i første omgang.

Framtidig vidare arbeid som må vurderast er om ein skal gjere ombygging og rør fornying av hovudtrekka i gangar og bodar. Dette er ikkje tatt med i denne omgang og blir noko som burettslaget må vurdere på sikt. Det kan også bli aktuelt å sette i gang gamle beredarar for å ha eit magasin på varmtvatn om andre tiltak ikkje gir nok effekt. Dette må vurderast fortløpande etter at brønnpark og ombyggingar i teknisk rom er utført.

Vedtak:

Generalforsamlinga vedtar å bruke 2.200.000,- på oppgradering og utbetring av varmeanlegget i 2023. Dette fordelast mellom nye brønner, ombyggingar i teknisk rom og isolering av vann rør.

SAK 08/23 Eksisterande TV-anlegg (antenner)

I dag har vi både eit eige TV-anlegg og Fiberavtale med Eninvest i høve internett og tv-pakke.

I TV-anlegget har alle tilgang på ein grunnpakke med NRK1, NRK2, NRK3, TV2, FEM, TVNorge og Discovery.

Det er dei siste åra kome ein del klager på kvaliteten på bildet frå TV-anlegget, og til tross for feilsøking og forsøk på utbetring, er det framleis ei oppleving av dårleg bilde. Det vil i så tilfelle vere behov for større utbetring, og omfattande feilsøking. Dette vil fort kunne vere kostbart. Sidan det finst to alternativ i dag, med Fiberavtale med Eninvest og TV-anlegg, er det fleire og fleire som går over til Fiberavtalen. Så lenge det finst eit alternativ, må ein vurdere kven som skal bære kostnaden ved å drifte og vedlikehalde eige TV-anlegg. Det har vore ein lita diskusjon på dette temaet på Facebook. Då det finst eit alternativ med Fiberavtale, kan ein i teorien legge kostanden i høve drift og vedlikehald av TV-anlegget på dei som nyttar seg av dette anlegget. Per no bærer alle andelseigarar denne kostnaden.

Det er difor naturleg at temaet også kjem opp til diskusjon i generalforsamlinga, slik at styret får ein peikepinn på kva som er ynskjeleg å gjere. Styret ber difor andelseigarane vurdere dette og legge fram sine meiningar i generalforsamlinga.

Vedtak:

Styret får mandat til å kartlegge kor mange som ynskjer å nytte seg av TV-anlegget (antenner). Kostnader i høve anlegget skal i all hovudsak leggest på dei andelseigarar som ynskjer å nytte dette anlegget.

SAK 09/23 Val

A. Val av nytt styre

Styret slik det er samansett i dag:

Rolle	Namn	Periode	Status
Styreleiar	Thor Erlend Mehammer	2022–2024	Er ikkje på val
Nestleiar	Bjarte Solaas	2021–2023	Er på val
Medlem	Sissel Ekroll	2022–2024	Er ikkje på val
Vara	Astrid Nessestrand	2022–2023	Er på val
Vara	Toralf Teigen	2022–2023	Er på val
Vara	Ola Hovland	2022–2023	Er på val

B. Val av ny valnemnd

Valnemnda slik den er samansett i dag:

Eili S. Slåtten
Rolf Helge Myren
Damir Zovko

Valnemnda si innstilling til nytt styre:

Styremedlem: Damir Zovko, Ny (2023-2025)
Varamedlem: Viktorija Dobile, Ny (2023-2024)
Varamedlem: Vebjørn Mandelid, Ny (2023-2024)
Varamedlem: Julia Gåsvær, Ny (2023-2024)

Valnemnda si innstilling til ny valnemnd:

Eili Sidsel Slåtten, Attval (2023-2024)
Rolf Helge Myren, Attval (2023-2024)
Hildegunn Bjørvik, Ny (2023-2024)

Styret vil sjå slik ut etter valet:

Rolle	Namn	Periode	Status
Styreleiar	Thor Erlend Mehammer	2022–2024	Er ikkje på val
Medlem	Sissel Ekroll	2022–2024	Er ikkje på val
Medlem	Damir Zovko	2023–2025	Ny
Vara	Viktorija Dobile	2023–2024	Ny
Vara	Vebjørn Mandelid	2023–2024	Ny
Vara	Julia Gåsvær	2023–2024	Ny

Styret konstituera sjølv nestleiar og rekkefølga på varamedlemmane jf. vedtektene.

Medlemmer av styret blir valt for to år om gongen.

Varamedlemmar av styret blir valt for eitt år om gongen.

Medlemmar av valnemnda blir valt for eitt år om gongen.

Vedtak:

- Valnemnda sine kandidatar til dei ulike verva i styret og i valnemnda blei valde ved akklamasjon utan motkandidatar.

SAK 10/23 Innkomne saker

Forslag frå Dag Johnsen:

Å auke timeløna for faste dugnadsoppdrag til 300 kr. Dette gjeld faste oppdrag som bosstrilling, plenklipping og snømåking.

Kommentar frå styreleiar: Ei auke av timeløna er høgst aktuelt, om det bidreg til at fleire tek på seg oppdraget. Generalforsamlinga må vere kjent med at burettslaget også må betale arbeidsgjevaravgift og feriepengar. Den reelle timekostnaden for burettslaget blir då på om lag 350–377 kr med ein timeløn på 300 kr. Eit alternativt forslag kan vere å auke det til 225–250 kr timen. Generalforsamlinga bør gjere ei vurdering på kva som er mest føremålstenleg for burettslaget.

Vedtak:

- Time/dugnadssatsen blir auka til 200 kr.
- Styret skal jobbe med å få betre oversikt på dugnadsoppgåvene og rekruttere nokon til å gjere desse oppgåvene.

Signering

Førde



Signatur, styreleiar Thor Erlend Mehammer



Viktorija Dobile (Jun 14, 2023 10:07 GMT+2)

Signatur, Viktorija Dobile



Watandost Momand (Jun 14, 2023 11:56 GMT+2)

Signatur, Watandost Momand











2023 Bergum burettslag - Generalforsamling - Protokoll

Final Audit Report

2023-06-14

Created:	2023-06-14
By:	Thor Erlend Mehammer (Thor.Mehammer@redcross.no)
Status:	Signed
Transaction ID:	CBJCHBCAABAA6pEYmi3T_DHDSx7FwtBXJg93m14bUym

"2023 Bergum burettslag - Generalforsamling - Protokoll" History

-  Document created by Thor Erlend Mehammer (Thor.Mehammer@redcross.no)
2023-06-14 - 7:58:11 AM GMT- IP address: 217.173.250.97
-  Document e-signed by Thor Erlend Mehammer (Thor.Mehammer@redcross.no)
Signature Date: 2023-06-14 - 7:59:40 AM GMT - Time Source: server- IP address: 217.173.250.97
-  Document emailed to viktorija.dobile@gmail.com for signature
2023-06-14 - 7:59:41 AM GMT
-  Email viewed by viktorija.dobile@gmail.com
2023-06-14 - 8:01:56 AM GMT- IP address: 93.89.38.145
-  Signer viktorija.dobile@gmail.com entered name at signing as Viktorija Dobile
2023-06-14 - 8:07:51 AM GMT- IP address: 93.89.38.145
-  Document e-signed by Viktorija Dobile (viktorija.dobile@gmail.com)
Signature Date: 2023-06-14 - 8:07:53 AM GMT - Time Source: server- IP address: 93.89.38.145
-  Document emailed to watandost@hotmail.no for signature
2023-06-14 - 8:07:54 AM GMT
-  Email viewed by watandost@hotmail.no
2023-06-14 - 9:51:17 AM GMT- IP address: 46.15.178.150
-  Signer watandost@hotmail.no entered name at signing as Watandost Momand
2023-06-14 - 9:56:43 AM GMT- IP address: 46.15.178.150
-  Document e-signed by Watandost Momand (watandost@hotmail.no)
Signature Date: 2023-06-14 - 9:56:45 AM GMT - Time Source: server- IP address: 46.15.178.150

✔ Agreement completed.

2023-06-14 - 9:56:45 AM GMT